

ÅL KOMMUNE

Gradvis opning av skule og SFO

23.04.2020

Måndag 27.04 startar skulane i Ål opp med gradvis opning etter å ha vore stengt på grunn av koronavirus (covid-19) frå 12. mars. Nå er det 1.- 4.trinn og SFO som opnar. Kvar skule vil informere om sitt opningstilbod og meir detaljert plan for opstarten. Endringar kan skje på kort varsel.

Det er utarbeidd ein nasjonal rettleiar om smittevern i samband med koronaviruset som skulane er forplikta til å arbeide etter når dei no startar opp att, www.udir.no

Det er trygt for barn å gå på skulen

Før skulane vart stengt, var det ikkje registrert smittespreiing blant barn i skule. Samanlikna med vaksne er få barn identifisert som smitta. Barn og unge har så langt vist å ha svært låg risiko for alvorleg sjukdom med koronavirus.

Skulane opnar nå gradvis, og for å minske smitte er det sett i gang ein rekke tiltak i skulane. Det er tre grunnpilarar for å bremse smittespreiing:

- sjuke personar skal ikkje vere i skulen eller SFO
- god hygiene
- redusert kontaktpunkt mellom personar


Elevane med tilsette blir delt inn i grupper (kohortar) som er faste både i SFO og skulen. Ein kohort blir å rekna som ein «familie» der elevane vil leike saman og omgås, samstundes som ein vil oppretthalde avstand best mogleg. Det er egne retningslinjer for ein kohort. På denne måten vil ev. smitte reduserast.

Skulane vil vere ekstra nøye med å sikre godt smittevern. Dette er avhengig av at alle gjer ein innsats og at barn, føresette og tilsette følgjer dei nye rådane. Skulane vil vere spesielt oppteken av:

- vaske hender og lære barna gode rutinar for handvask
- hostehygiene
- halde avstand
- ha godt reinhald i skulen
- vaske utsyr og leiker jamleg
- vere ekstra mykje ute med elevane i tida framover
- fordele undervisning og leik inne og ute mellom gruppene
- gjennomføre måltid med god avstand til kvarandre
- redusere føresette sitt nærvær inne på skulen
- ha tett dialog med smitteverngruppa i kommunen om rutinar og tiltak

Minner om at vask av hender er noko av det viktigaste ein kan gjere for å redusere smitte, barn og føresette må difor vaske hender før dei reiser heimanfrå, når ein kjem på skulen og rett etter at dei er kome heim.





ÅL KOMMUNE

Skulen skal framleis gje omsorg og eit trygt og godt skulemiljø til barn

Dei tilsette skal framleis ivareta barn sitt behov for fysisk omsorg og sørge for at alle barn opplever tryggleik, tilhøyrighet og trivsel på skulen.

Når kan barn og føresette vere på skulen

- Ingen skal ha symptom på luftvegsinfeksjon.
- Dersom ein i husstanden har luftvegsinfeksjon, men ikkje bekrefta koronavirus (covid-19), kan barnet møte på skulen som normalt.
- Barn og føresette med typiske symptom på pollenallergi (kjent pollenallergi, rennande nase med klart nasesekret, rennande/kløande auge) kan møte på skulen.
- Mange barn har ofte rennande nase utan andre symptom på luftvegsinfeksjon, og særlig etter at dei har vore ute. Disse barna kan kome på skulen om barnet elles er frisk.

Når skal barn og føresette ikkje vere på skulen

Følgjande reglar gjeld:

- Dersom eit barn har symptom på sjukdom, også milde luftvegssymptom, skal barnet ikkje møte på skulen. Døme kan vere vondt i halsen, forkjøling, lett hoste, vondt i hovudet, muskelsmerter og feber.
- Barn skal vere heime i 1 døgn etter at dei har vore symptomfrie.
- Føresette som har luftvegssymptom, er i karantene eller isolasjon skal ikkje fylgje eller hente barn på skulen eller SFO.
- Har føresette eller nokon andre i husstanden fått påvist covid-19, skal barnet ikkje på skulen.
- Dersom barn blir sjuk på skulen, må barnet hentast så fort det let seg gjere. Barnet ventar på eige rom saman med ein vaksen, eller ute der det ikkje er andre barn.

Ikkje ta med leikar heimanfrå

Barnet skal ikkje ta med eigne leikar heimanfrå. Klassebamsar må i karantene under covid-19-utbrotet.

Mat og drikke

Mat og drikke for heile dagen skal vere i sekken gjennom dagen.

Foreldrebetaling SFO


Alle må betale heile rekninga som vart sendt ut for mars. Det vil ikkje bli sendt ut krav om betaling i april, sidan SFO har vore stengt i over ein måned.

Frå mai måned blir det vanleg betaling, også for dei som vel og ikkje nytte plassen. For mykje betalt i mars vil bli korrigerert på faktura for mai. Det vil ikkje bli fakturert for mat.

Skuleskyss

Skal elevane ta skuleskyss må dei huske på å halde god avstand, både mens dei ventar på skuleskyssen og i skyssen. Bussane og drosjane følgjer nasjonale retningslinjer for skyss av skuleelevar og reinhald i buss og drosje, og desse kan blir endra. For meir informasjon om skuleskyssen sjå www.brakar.no, underpunktet «Brakar gjenopptar køyring når skolene åpner». Brakar har utarbeidd nokre reiseråd som me oppmodar føresette om å ta ein prat saman med barna om.





ÅL KOMMUNE

Generelt for skulebuss og drosje er at ein følgjer myndigheitenes rutinar for hand- og hostehygiene før, under og etter reisa. Vis omsyn og hald ein meters avstand når du ventar på skulebussen/drosja. For skulebuss:

- Gå inn bakdøra på bussen, da framdøra er stengt. Du skal ikkje vise busskortet ditt til førar.
- Vent på tur når du skal gå på og av, og hald ein meters avstand.
- Unngå å setje deg på dei to fremste seteradene som er sperra av, av omsyn til førar.
- Du og ein annen elev kan sitje på same seterad. De skal ha eitt sete og gang mellom dykk.
- Du skal sitje på motsett sete som det eleven framfor deg gjer.
- Hugs å feste setebeltet.

For drosje:

Det er foreløpig ikkje kome nasjonal rettleiar som omtaler skuleskyss med drosje. Inntil det kjem har Brakar utarbeidd retningsliner for sine transportørar:

- Det skal ikkje køyrast med meir enn 2 passasjerar i ein 5-seter. Dersom det er søsken, kan 3 søsken samkjørast.
- For alle andre bilkategoriar, skal det vere eit tomt sete mellom kvar passasjer som sit på same rad.
- Det skal nyttast mest mogleg fast sjåfør.
- Alle berøringsflater i bilen blir vaska mellom kvar tur.

For ytterlegare informasjon kontakt oppvekstkontoret eller den enkelte skule.

Den einkilde skule vil gje meir informasjon om oppstarten og ulike tiltak som vil bli sett i verk på eigen skule.

Me oppmodar om at barn omgår få andre barn på fritida, og at lek helst skjer ute.

Eventuelle spørsmål kan rettast til den einkilde skule eller oppvekstkontoret.

Me oppmodar om at de ser denne informasjonsfilmen frå Utdanningsdirektoratet om oppstart av skule saman med barnet før dei kjem på skulen.

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/filmer/>

